

INNHALDSLISTE

1. Føresetnader for planen	2
1.1 Bakgrunn for arbeidet	
1.2 Arbeidet med KIF-planen i Ulstein kommune	
1.3 Kortfatta status for det som har skjedd i planperioden 2003-2006	
2. Målsetjingar	3
2.1 Samordning med andre kommunedelplanar	
2.2 Overordna mål	
2.3 Delmål	
3. Ufordringar - virkemiddel	6
3.1 Målstyrt utbygging og tilrettelegging	
3.2 Sikring av areal	
3.3 Finansiering av utbyggingskostnader	
3.4 Godkjenning av anlegg/søknad om spelemidlar	
3.5 Drift og vedlikehald	
4. Prinsipp for utbygging og tilrettelegging av anlegg og område	8
5. Registrering av aktivitet og anlegg i Ulstein kommune	9
5.1 Registrert idrett	
5.1.1 Organisert idrett	
5.1.2 Registrering av aktivitet friluftsliv	
5.2 Omtale	
5.3 Inndeling av kommunen	
5.4 Anleggs kategoriar og koder	
5.5 Registrerte anlegg for idrett og friluftsliv	
6. Vurdering av anleggsbehov og aktuelle tiltak	22
6.1 Innleiing	
6.2 Behovsvurdering	
6.3 Tilkomst til anlegg og område	
7. Drift og vedlikehald av anlegg	29
8. Prioritert handlingsprogram	30
8.1 Prioritert handlingsprogram	
8.2 Handlingsprogram - Leikeplassar/miljøanlegg	
8.3 Handlingsprogram – ordinære anlegg	
8.4 Handlingsprogram - rehabilitering	
8.5 Langsiktige oppgåver (12 år) for utbygging og tilrettelegging	

KAPITTEL 1 FØRESETNADER FOR PLANEN

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Det er stilt krav om at alle kommunar skal ha eigen kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. I rundskriv V-5/98 frå Kulturdepartementet heiter det at "kommunedelplanen skal vere eit nyttig verkty for å styre utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv. Planane for den enkelte kommune vil også vere ein viktig del av grunnlaget for planlegging på fylkesnivå".

1.2 Arbeidet med KIF-planen i Ulstein kommune

Denne planen er den fjerde i rekka med bakgrunn i plankrav frå departementet for å få tilskot frå spelemidlane. Ulstein kommune vedtok siste revidering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv i 2003.

Det vart i juni i år nedsett ei arbeidsgruppe med følgjande medlemmar:
Leiar i Idrettsrådet Anne Karin Hagenes
Avd.ing. Arne Runar Vik
Oppvekst- og kultursjef Leif Ringstad
Kulturkonsulent Kristine Brungot

Oppvekst- og kulturkontoret tilskreiv idrettslaga, idrettsrådet, skulane, grendalaga og andre lag som driv aktivitetar innan idrett og fysisk aktivitet, gjorde dei merksame på den prosessen ein stod føre, og bad dei kome med innspel med frist 20. august. Det kom inn 6 innspel/merknader. Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Vikebladet/Vestposten.

1.3 Status for det som har skjedd i planperioden 2003-2006

Gjennomførte tiltak:

Ordinære anlegg:

- Kunstgrasbane på Høddvoll
- Idrettshall Ulstein skule
- Lyssetting turveg over Gamleeidet (oppstart hausten 2006)

Nærmiljøanlegg :

- Ballbinge, Ulstein skule
- Tursti Ulstein – Flø (oppstart våren 2007)
- nærmiljøanlegg (ballbinge) Hasund skule (oppstart hausten 2006)

Ikkje gjennomførte tiltak/status*(prioriterte tiltak på rullert plan 2003-2006):*Ordinære anlegg:

- Idrettshall og symjehall ved Ulstein ungdomskule - *vidareførast*
- Friluftsområde/badeplass rullestolrampe, sanitæranlegg
– Osnessanden - *vidareførast*
- Småbåthavn Vattøya - *langsiktige oppg*
- Grustreningsfelt Haddal IL - *uaktuell*

Rehabilitering:

- symjehallen ved ungdomsskolen - *utaktuell*
- utbetring hallanlegg Ulsteinhallen - *uaktuell*
- grusbane ved ungdomsskolen - *uaktuell*

Leikeplassar/Nærmiljøanlegg:

- friluftsanlegg Bugardsmyrane - *vidareførast*
- leikeplass/nærmiljøanlegg Ulsteinvik barneskule - *vidareførast*
- gangstiar – sentrum - *vidareførast*
- leikeplass/nærmiljøanlegg (lys grusbane) Eiksund skulekrins - *uaktuell*
- leikeplass/nærmiljøanlegg (lys grusbane) Haddal skulekrins - *uaktuell*
- ballbinge Haddal - *uaktuell*
- ballbinge Dimna - *vidareførast*

**KAPITTEL 2
MÅLSETJINGAR**

Det overordna målet for statleg idrettspolitik er "**Idrett og friluftsliv for alle**".

I samband med fysisk tilrettelegging er det derfor viktig at alle grupper i befolkinga får gode høve til å utøve idrett og fysisk aktivitet i sitt nærmiljø. Helseaspektet er sterk framheva i det offentlege sitt arbeid innan idretts- og friluftssektoren, men for mange er aktivitetane sin eigenverdi ein like viktig motivasjonsfaktor som helsemotivet.

I St.meld. nr. 14 (1999-2000) "Idrettslivet i endring" blir det understreka at staten gjennom idrettspolitikken bør ha eit særleg ansvar for barn og ungdom.

Målet med anleggsutbygginga er å gi flest mulig høve til å drive idrett og fysisk aktivitet, og spesielt vil anlegg som harmonerer med aktivitetsprofilen til barn og ungdom verte prioritert ved tildeling av spelemidlar.

Intensjonane med å utarbeide ein kommunedelplan for utbygging av anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet er først og fremst å få betre offentlig påverknad med utbygginga.

For friluftslivet er statens overordna mål at " **Alle skal ha mulighet til å drive friluftsliv som en positiv aktivitet for helse og trivsel både i nærmiljøet og ute i naturen**".

Dette inneber at:

- [Allemannsretten](#) skal haldast i hevd
- Barn og unge skal få høve til å utvikle ferdigheter i friluftsliv
- Område av verdi for friluftsliv skal sikrast
- Grøntstrukturen i byar og tettstader skal takast vare på

2.1. Samordning med andre kommunedelplanar

Ein plan for utbygging av anlegg og område til idretts- og friluftsliv må vere i samsvar med kommunen sine overordna målsetjingar. Jamfør såleis vedtak i K-sak 96-0044, Kommuneplan 1996-1999, Del I. Jamfør òg målsetjingskapitlet i "Kommuneplanens arealdel 2003-2013". Det er dessutan naudsynt å sjå planen i samanheng med andre kommunedelplanar og prosjekt.

2.2 Overordna mål

Ut frå det som er sagt ovanfor, vil dei overordna målsetjingane for utbygging av anlegg og område i Ulstein kommune vere:

- For alle

Gjennom tilrettelegging for idrett og friluftsliv vere med på å utvikle og vedlikehalde god fysisk, psykisk og sosial helse blant innbyggjarane.

- For spesielle grupper

Utvikle nye tilbod spesielt for grupper med lite tilbod i dag, og der helse- og sosialaspektet står sentralt.

- For idrettsutøvarar

Gje aktive innan dei einskilde, etablerte aktivitetane høve til å vidareutvikle desse under tilfredsstillande tilhøve.

- For idrettsopplæring

Tilrettelegge for allsidig idrettsopplæring for barn og ungdom, med sikte på å stimulere fysisk, psykisk og sosial utvikling og gi innføring i eit allsidig spekter av idrettar. Reglar om barneidretten som vart vedtekne på Idrettstinget i 1990 skal leggjast til grunn, med særleg vekt på leik og allsidig aktivitet både i trenings- og konkurransesamanheng.

- For miljøomsyn

Anlegg, tilrettelegging for og utøving av idrett og friluftsliv må ikkje medføre skadar på naturverdiane og det fysiske miljøet (slitasje på natur, støy, forsøpling, avrenning). Landskapsvern, miljømessige og estetiske tilhøve må ivaretakast ved alle anlegg og områdetypar.

2.3. Delmål

- Bustadnære område/nærmiljø

- Det må leggjast til rette for idrettsaktivitetar og leik i alle bustadområde/grender i kommunen, og det må utbyggast leikeplassar i nærmiljøet.
- Samordne anlegg, bruk og tilrettelegging slik at dei tilfredsstillar behov både til skuleformål, idrett og friluftaktivitetar.
- Tilrettelegge gangveg/turstiar med kvileplassar ved utsiktspunkt i og rundt sentrumsområde, og som knyter saman bustadområde med idretts-/friluftsanlegg, skular og sentrum.
- Tilrettelegge turområde i nærmiljøet med naturstiløyper.

- For friluftsområde

- Tilrettelegge/rehabiliterer hovudturløypene, inkl. tilretteleggjing for tilkomst og parkering.
- Tilrettelegge område slik at dei vert tilgjengelege for rullestolbrukarar, så som rullestolløype, rampe ved fiskevatn o.s.b..
- Innløyse og opparbeide/tilrettelegge badeplassar.
- Tilrettelegge båtutfartsområde/ankringsplassar i øyområda på utvalde stader.
- Det må vere eit mål for kommunen at kulturhistorisk verdifulle område generelt og i skjærgarden spesielt vert rehabilitert og tilrettelagt for bruk/besøk.

- For idrettsanlegg

- Innanfor kommunen må det vere tilgjengeleg anlegg som tilfredsstillar dei behov som idrettslaga har, både når det gjeld hallidrettar, fotball og friidrett.
- Innanfor kommunen må det leggast til rette for tilkomst til eksisterande og etablering av nye anlegg for grupper som har få tilbod i dag, som fysisk og psykisk funksjonshemma, eldre og andre brukarar med spesielle behov.

KAPITTEL 3 UTFORDRINGAR - VIRKEMIDDEL

Organisert idrettsaktivitet har etter måten stort omfang og lange tradisjonar i Ulstein, men med klart tyngdepunkt på eit fåtal idrettsgreiner. Dei etablerte idrettslaga har i stor grad også stått for eigne anlegg til sine hovudaktivitetar. Utbygging og vedlikehald av anlegg vil såleis vere nokså sårbare område for dei einskilde laga sin aktivitet og økonomi til ei kvar tid. Det vil derfor vere ei klar hovudutfordring å sikre utbygging og vedlikehald av anlegg gjennom eit nærare samarbeid mellom kommunen og dei einskilde idrettslag,

Det er og eit aktivt friluftsliv i kommunen, særleg i form av dagsturar i fjellområda. Aktuelle utfarts- og turområde ligg lett tilgjengeleg i rimeleg avstand frå bustadområda og vil kunne dekkje dei fleste sine behov. Det er samstundes eit behov for attraktive og lett tilgjengelege turstiar/-vegar for t.d. eldre, småbarnsfamilier og andre grupper med spesielle behov.

Det er ikkje tilrettelagt for parkering og tilkomst for fleire av dei mest brukte utfartsområda. For kommunen er tilrettelegging for tilkomst til friluftsområda ei av dei viktigaste utfordringane for å kunne vedlikehalde og forbetre friluftslivet i kommunen.

3.1 Målstyrt utbygging og tilrettelegging

Med bakgrunn i målsetjingane som kommunen har sett seg, må det leggjast opp til ei målstyrt utbygging med sikte på å oppfylle dei ulike delmåla. Dette må vidare skje innafor bestemte tidsrammer og etter dei prioriteringar ein er samde om. Kommunedelplanen sine handlingsprogram for nærmiljøanlegg og ordinære anlegg er eit viktig verktøy her. Utbygging og tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet må vidare byggast inn i dei kommunale langtidsplanane.

Behova innan idrett og friluftslivet må og sjåast i samanheng med målsetjingar når det gjeld oppvekstvilkåra for barn og unge.

Målstyringa for utbygging og tilrettelegging for idrett og friluftsliv må også innebere å samordne slik utbygging med andre omsyn og interesser. Vi tenkjer då særleg på naturfaglege verdiar og grøntområde, men og i høve til busetnadsmønsteret i kommunen. Det er viktig at det vert lagt stor vekt på ei utbygging som samordnar og forsterkar verdien av utbyggingane i kombinasjon med andre interesser.

3.2 Sikring av areal

Ved arealplanlegging skal det takast omsyn til behova for utbygging og tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet.

Kommunen bør innløyse regulerte friområde som er viktige for innbyggjarane.

3.3 Finansiering av utbyggingskostnader

Finansieringa av investeringsutgiftene ved utbygging av anlegg er for dei fleste anleggseigarar ei stor utfordring. Idrettsanlegga vert i prinsippet finansierte ved eigenkapital, dugnad, tilskot frå kommune/fylke, spelemidlar, lån og gåver.

Det finst ulike tilskots- og låneordningar innanfor miljøvernfeltet, både for innløysing av viktige friluftområde og til aktivitetsformål m.m. Regjeringa har i budsjettet for 2006 auka ramma til kjøp av friluftsområde med 30 millioner kroner. Det er ei dobling i forhold til den forrige regjeringa sine løyvingar.

Som følgje av den auka ramma er det blitt ein moneleg større aktivitet i kommunene for å sikre nye friluftsområde for allmennta. Dette har resultert i mange nye søknader om statleg finansiering av slike område.

3.4 Søknad om spelemidlar og førehandsgodkjenning/godkjenning av anlegg

Ved delfinansiering av anlegg gjennom tilskot frå Spelemidlane, skal det gjerast ei førehandsgodkjenning av planane. Kommunene har fått delegert godkjenningsmynde for dei aller fleste anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Førehandsgodkjenninga omfattar i korte trekk desse momenta:

- idrettspolitiske forhold:
er behovet for anlegget dokumentert gjennom kommunedelplanen sitt 4-årige handlingsprogram ?
- idrettsfaglege forhold:
er anlegget planlagt i samsvar med idretten sine krav til utforming og dimensjonering ?
- anleggstekniske forhold:
er dei tekniske løysingane og materialval i tråd med vedtak og krav?
- er dei estetiske og miljømessige sidene ved planane ivareteke på ein tilfredstillande måte?

Same krav vert stilt ved vurdering av planar om friluftstiltak. Føresetnaden er at natur- og friluftslivsfaglege instansar i kommunen og fylket tek del ved vurderingar av slike anlegg.

Under utbygginga og ved arbeidsslutt skal kommunen kontrollere at arbeidet er utført i samsvar med godkjende planar. Det er krav om attestasjon før spelemidlar vert utbetalte i sin heilskap.

3.5 Drift og vedlikehald

Drift av anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet omfattar m.a. idrettslege, miljømessige, økonomiske, tekniske og administrative forhold og oppgåver, og krev god innsikt og fagkunnskap på desse områda. Praktiske planløysingar og føremålstenleg materialval er av stor verdi for at drifta skal bli vellukka.

Det er samstundes viktig at alle sider ved driftsproblematikken vert vurdert tidleg i planfasen.

Følgjande dekning er vanleg når det gjeld utgiftspostane til drift og vedlikehald:

- * Kommunale tilskot
(full finansiering eller delvis dekning)
- * Leigeavgift for brukarar
- * Billettinntekter
- * Tilskot frå organisasjonar/bedrifter
- * Tilskot frå anleggseigaren
- * Dugnadsinnsats

Ved søknad om spelemidlar, er det stilt krav om at søknaden er vedlagt opplysningar om drift og vedlikehald, som omfattar m.a.:

- kalkulerte driftsutgifter og driftsinntekter
- organisering av driftsopplegget
- dei tekniske føresetnadene for drifta

KAPITTEL 4

PRINSIPP FOR UTBYGGING OG TILRETTELEGGING AV ANLEGG OG OMRÅDE

Det er viktig å leggje visse prinsipp til grunn i arbeidet med planlegging og utbygging av anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet. Ein står mellom anna overfor spørsmål kring lokalisering, dimensjonering og til utforming. Anlegget eller området si plassering, utforming, dimensjonering o.s.b. må avgjerast utifrå den funksjonen det skal ha, brukarbehov, kva slags område det skal plasserast i og dei økonomiske og driftsmessige tilhøva som er knytt til anlegget.

Hovudprinsipp for ein samordna anleggspolitikk i Ulstein kommune:

- * Nærleik til buområde
- * Trafikksikker og enkel tilkomst
- * Koordinering av idrett og andre kulturaktivitetar
- * Tilpassing av same anlegg for fleire brukargrupper
- * Koordinering av behov for idrettsorganisasjonar, reiselivsbedrifter og anna næringsverksemd
- * Vektlegging av estetikk og miljøforhold
- * Interkommunalt samarbeid (jfr. dei vedtekne overordna målsetnadene for Ulstein kommune)

KAPITTEL 5.
REGISTRERING AV AKTIVITET OG ANLEGG I ULSTEIN KOMMUNE

5.1 Registrert aktivitet

5.1.1 Organisert idrett

Tala er frå "Rapport idrettsregistreringen frå Ulstein idrettsråd/Idrettskretsen" i 2005.

ORGANISASJON	ANTAL DELTAKARAR		
	Totalt	Under 19 år	Over 19 år
I.L.Hødd			
<input type="checkbox"/> handball	110	110	0
<input type="checkbox"/> friidrett	23	23	0
<input type="checkbox"/> turn	158	145	13
<input type="checkbox"/> badminton	14	0	14
<input type="checkbox"/> idrettsskulen	102	102	0
<input type="checkbox"/> fotball	446	388	58
<i>Sum aktive (medl)</i>	<i>853 (839)</i>	<i>768</i>	<i>85</i>
Dimna I.L.			
<input type="checkbox"/> friidrett	143	76	67
<input type="checkbox"/> andre aktivitetar(gang og turmarsj, handicapidrett)	111	40	70
<i>Sum aktive (medl)</i>	<i>254 (143)</i>	<i>126</i>	<i>137</i>
Hasundgot I.L.			
<input type="checkbox"/> fotball	146	146	0
<input type="checkbox"/> aerobic			
<input type="checkbox"/> trim, anna	231	24	207
<i>Sum aktive (medl)</i>	<i>377 (311)</i>	<i>170</i>	<i>207</i>
Haddal I.L.			
<input type="checkbox"/> fotball	158	120	38
<input type="checkbox"/> gang-og turmarsj	90	35	55
<input type="checkbox"/> idrettsskule	22	22	
<i>Sum aktive (medl)</i>	<i>270 (345)</i>	<i>177</i>	<i>93</i>
Flø I.L.			
Fotball	34		34
<i>Sum aktive (medl)</i>	<i>34 (104)</i>		<i>34</i>
Ulstein Judoklubb			

<i>Deltakarar</i>	41	33	8
<i>Sum aktive (medl)</i>	41	33	8
Eiksund Skyttarlag			
<i>luftgeværskyting</i>			
<i>baneskyting</i>			10
<i>Sum aktive</i>			25
Sunnmøre golfklubb			
<i>golf</i>			
<i>Sum aktive</i>			
Ulstein Taekwondo- og Kickboxingklubb			
<i>Deltakarar</i>	70	50	20
<i>Sum aktive</i>	70	50	20
Ulstein Sport			
<input type="checkbox"/> <i>fotball</i>			
<input type="checkbox"/> <i>friidrett/løping</i>			
<input type="checkbox"/> <i>miniatyrskyting</i>			
<i>Sum aktive</i> kun totalantal			
Ulstein og Hareid Dykkarklubb			
<i>Sum aktive</i>	104	55	49
Ulstein Seilforening			
<i>Sum aktive (medl)</i>	76 (96)	10	66
Ulstein Klivrelag			
<i>Sum aktive</i>			
F.O.G. Paragliderklubb			
<i>Sum aktive</i>	16	0	16
Ulstein/Hareid Jeger/Fiskefor.			
<i>Sum aktive (medl)</i>	9 (224)	(13)	9

5.1.2 Registrering av aktivitet friluftsliv

NAMN	AKTIVITET
Hasundgot I.L.	Fotturar Fjellturar Joggeturar Grillsøndag/familietur Mosjonsløp Idrettsmerkeprøve
	Båtturar
Flø I.L.	Turorientering
Haddal I.L.	Turorientering Turmarsj

Hødd I.L.	Trimløype Mosjonsløype Høddmarsj Idrettsmerkeprøve
Dimna I.L.	Trimløype Turmarsjar Idrettsmerkeprøve Skøyteløp Mosjonsløp
Ulsteinvik KFUM-KFUM Speidarane	Div. troppsturar Overnatting i telt/bivuakk
Ulstein og Hareid JJF	Jakt og fiske (arr. turar) Skogplanting Kulturveringsarbeid i vatn Jegerprøvekurs, flugekastingkurs
Ulstein og Hareid Dykkerklubb	Dykketurar frå land (kvar søndag) Dykketurar frå båt (min. 1 gang pr.mnd.) Weekend-turar 2-3 g pr. år
Ulstein Røde Kors Hjelpskorps	Løypekøyering Hytteturar Ulike øvelsar Klatring Telemarkskøyering
Ulstein vidaregåande skule	Skeiseløp Orientering Riding Naturfag/geogr.eksp.
Ulstein klivrelag	Klatring
F.O.G. Parablidklubb	Luftsportaktivitetar Fjellturar Fotografering
Sunnmøre folkehøgskule	Fotturar Skiturar Naturstudiar Fritidsfiske Båtliv Turorientering Aking/skitrening
Ulstein Seilforening	Seiling, regattaer
Ulstein Småbåtlag	Båtturar - ca. 170 båt plassar

5.2 Omtale

I Ulstein er det i alt 12 registrerte idrettslag som er innmelde i Norges Idrettsforbund. Laga har eit samla medlemstal på 2227 personar. Dette talet fortel at ein stor del av innbyggjarane i Ulstein driv idrett sjølv eller støttar aktivt idrettslaga.

Det er også mange som driv organisert trim/trening utanom idrettslaga, t.d. knytta til treningsenteret og symjehallen. Både KFUM-KFUM sitt speidararbeid og aktivitetar

gjennom Ulstein og Hareid Dykkerklubb, grendalaga og Ulstein Røde Kors er døme på at også andre enn idrettslaga har aktivitetar som fremjar fysisk fostring.

Utanom den aktive idretten kjem alle dei som driv uorganisert idrett. Norges Idrettsforbund reknar med at om lag 40% av alle nordmenn driv regelmessig fysisk aktivitet ein eller fleire gongar i veka. I tillegg reknar ein med at 80% av alle nordmenn driv med friluftsliv i skog og mark sommar som vinter. På Hareidlandet er alle fjellområda populære turområde.

5.3 Inndeling av kommunen

I registeringsarbeidet og ved systematisering av data har ein funne det føremålstenleg å dele inn kommunen etter krinsane slik:

UUF Ulsteinvik, Ulstein og Flø krins
HDI Hasund og Dimna krins
HAD Haddal krins
EIK Eiksund krins

5.4 Anleggskategoriar og kodar

Ved registrering av idrett- og friluftsanlegga i kommunen har ein nytta den geografiske inndelinga av kommunen.

Anlegga er sortert i anleggskategoriar i samsvar med retningslinene frå kulturdep. og Norges Idrettsforbund.

Tilleggsopplysningane om anlegg er henta or anleggsregisteret, og supplert med opplysningar frå lag og organisasjonar.

Ved sida av kolonne for skulekrins er teke med om anlegget er del av skule (SKO) eller del av idrettspark (IP).

Følgjande dekkekodar er nytta:

A=asfalt FD=fast dekke friidrett G=grus G=kunstgras m/sand
NI=naturis KS=kunststoff NG=naturgras T=tregolv

5.5 Registrerte anlegg for idrett og friluftsliv

Nr.	Anleggstype	Kategori	Skulekrins	Del av SKO/IP	Dekke	Plassering	Eigar	Storleik	Merknader
IDRETTSHALL		IH							
1	Ulsteinhallen	■	UUF		KS	Nord for Høddvoll	Ulstein kommune 10/1332	1100 m2	Hovudanlegg for Ulstein kommune
2	Idrettshallen	KA	UUF	SKO	T	Ved Ulstein u-skule	Ulstein kommune 8/214	516 m2	Aktivitetslokale for barne- og ungdomsskule på dagtid, treningshall på kveldstid
SYMJEHALL		SVH							
3	Symjehall	KA	UUF	SKO		Del av Ulstein u-skule	Ulstein kommune 8/214	12,5 x 8 m	
5	Symjehall	KA	UUF			Varmtbadet Eldresenter	Ulstein kommune	4 x 9 m	
FOTBALL		FOT							
6	Høddvoll stadion	KA	UUF	IP	NG	Høddvoll	Høddvoll Stadion AS	107 x 64	Tribuneanlegg
7	Høddvoll grasbane (stadion)	KA	UUF	IP	NG	Høddvoll	IL Hødd	110 x 68	
8	Høddvoll kunstgrasbane	KA	UUF	IP	G	Høddvoll	IL Hødd	100 x 62	Lys
9	Høddvoll grasbane	KA	UUF	IP	G	Høddvoll	IL Hødd	92 x 60	Lys
10	Hasundgot grasbane	KA	HDI		NG	Sundgotmarka	Hasundgot I.L.	100 x 64	
11	Solsida grasbane	KA	HAD		NG	Solsida	Haddal I.L.	100 x 64	
12	Dimna idrettsanlegg	KA	HDI	SKO	G	Ytre Dimna	Dimna gr.hus P/L	70 x 40	
13	Grusbane	KA	UUF	SKO	G	Ulstein ungdomsskule	Ulstein kommune	92 x 50	

14	Idrettsplass	KA	UUF	SKO	G	Flø skule	Ulstein kommune	60 x 40		
15	Grusbane	KA	UUF		G	Ulstein skule	Ulstein kommune	60x35	Lys	
FRIIDRETT		FRI								
15	Friidrettsbane	KA	UUF	IP	G	Høddvoll stadion	Høddvoll Stadion AS	5X200 2X400		
16	Dimna idrettsanlegg	KA	HDI	IP	G	Ytre Dimna	Dimna Gr.hus P/L	4 x 100m	Delanlegg, friidrett	
Balløkke		AAB								
17	Skuleplass	KA	HDI	SKO	G	Hasund	Ulstein kommune	65 x 20		
18	Skuleplass	KA	HDI	SKO	G	Hasund	Ulstein kommune	22 x 12		
19	Balløkke	KA	UUF		G	Bugarden	Ulstein kommune	25 x 25		
20	Skuleplass	KA	UUF	SKO	G	Ulstein	Ulstein kommune			
21	Skuleplass	KA	HAD	SKO	G	Haddal	Ulstein kommune	70 x 30		
22	Skuleplass	KA	EIK	SKO	G	Eiksund	Ulstein kommune	55 x 23		
23	Ballbinge	KA	HDI		G	Hasund	Hasungot IL			
24	Ballbinge	KA	UUF		G	Storegjerde/sentrum	Storegjerde grendalag			
25	Ballbinge	KA	UUF		G	<u>Ulstein skule</u>	Ulstein kommune			
26	Sandvolleyballbane	KA	UUF			Sanden/sentrum	Ulstein kommune			
Basketballbane		BAS								
27	Gatebasketbane	KA	UUF		A	Saunes	Ulstein kommune			

Idrettshus		H								
28	Høddvollhuset	KA	UUF	IP		Høddvoll stadion	AL Høddvollvollhus et			
29	Hasundgot klubbhus	KA	HDI			Sundgotmarka	Hasundgot I.L.			
30	Haddølingen klubbhus	KA	HAD			Solsida	Haddal I.L.			
Gymnastikksal		SAL								
31	Flø skule	KA	UUF	SKO	T	Flø	Ulstein kommune	20 x 10		
32	Sunnm. Folkehøgskule	KA	UUF	SKO	T	Reiten	Sufh Bygg AS	21 x 10		
33	Haddal skule	KA	HAD	SKO	T	Myrene	Ulstein kommune	12 x 7		
34	Eiksund skule	KA	EIK	SKO	T	Eiksund	Ulstein kommune	11 x 7		
35	Skeide	KA	UUF		T	Skeide	Privat eige	20 x 15	turnhall	
	Ulstein skule		UUF		P	Ulstein skule	Ulstein kommune			
Grendalag med idrettshall		SHI								
36	Dimna skule og grendahus	KA	HDI	SKO	KS	Ytre Dimna	Ulstein kommune Dimna G.hus P/L	18 x 9		
37	Hasund skule og grendahus	KA	HDI	SKO	T	Hasund	Ulstein kommune Has. grendahus AL	20 x 14		
38	Haddal skule og grendahus	KA	HAA		T	Haddal	Ulstein kommune Haddal			

Mørkevatnet									
Småbåthammer BHV									
55	Flø fiskeri- og småbåthamn	KA	UUF			Flø	Kystverket 3.distrikt	30 pl.	
56	Ulstein småbåthamn	KA	UUF			Ulstein	Privat		
57	Ryssholmen småbåtl.	KA	UUF			Skeide	Ryssh. Småbåtlag	80-100 pl.	
58	Ulsteinviksmåbåthamn	KA	UUF			Ulsteinvik sentrum	Ulstein småbåtlag	170 pl.	
59	Ulsteinvik Gjestehamn	KA	UUF			Ulsteinvik sentrum	Ulstein kommune	7 pl.	Merka som gjestebrygge
60	Saunes småbåthamn	KA	UUF			Saunes	Saunes Småbåtlag	28 pl.	
61	Straumane småb.hmn	KA	HDI			Hasund	Straumane småb.l.	40 pl.	
62	Rinden småbåthamn	KA	HAD			Haddal			
63	Nøre Håheimsvågen	KA	EIK			Håheim			
Badeplass BPL									
64	Osnessanden	KA	UUF			Vest for Osneset	Privat	350 m	Langgrunne og reine sandstrender
65	Vollesanden	KA	UUF			Vollane, aust for Halsen	Privat		
66	Ivasanden	KA	UUF			Ulstein	Privat		
67	Gåsnessanden	KA	UUF			Gåsneset	Privat		Rein strand som grensar opp til rullesteinstrand og svaberg.
68	Roppesanden	KA	UUF			Roppen	Privat		Langgrunt sjøområde og god badeplass i godt ver
69	Midtfløssanden	KA	UUF			Flø	Privat		Rein sandstrand mot havet
70	Selvågsholmen	KA	EIK			Selvåg	Privat		Godt skjerma plass i ei bukt på sørsida av Selvågsholmen
Flytebrygge FB									

70	Flytebrygge	NA	UUF			Borgarøya	Ulstein seilforening		
Orient.kart		OK							
71	Orienteringskart		HAD EIK			Aursneset	Haddal IL		
72	Orienteringskart		EIK			Eika	Haddal IL		
73	Løsetvatnet		HAD			Ringstaddalen	Haddal IL		
Andre kart		XOK							
74	Turkart					Ytre Søre Sunnmøre	Ulstein, Hareid, Sande og Herøy kommunar		
Turvegar		AFV							
	Ytreflø-Hoksteinen		UUF		G	Ytreflø	Privat	1 km	Første del av vegen gruslagd
	Midtflø-Brørevatnet		UUF		G	Midtflø	Privat	4 km	Merka 20 c på turkartet
	Midtflø-Roppemarka		UUF		G	Midtflø	Privat	2 km	Første del merka turveg (20 c på turkartet)
	Ulsteindalen		UUF		G	Ulstein	Kommunal/privat	3 km	Første del av vegen fram til kraftverket er kommunal. Ulstein grunneigarlag er eigar av vegen frå kraftverket fram til Lisjevatnet
	Skeide		UUF			Skeide-Nibben		1 km	
	Alvehaugen		UUF		G	Saunes-Alvehaugen	Ulstein kommune	0,5 km	
	Gamlevegen		UUF			Hofsethaugen-Eidet	Privat	2,5 km	
	Fjellsvegen		UUF		G	Eidet - Fjelle	Ulstein kommune	4 km	
	Ringstaddalen		HAD		G	Haddal - Fjelle	Ulstein kommune	6 km	
	Strand		UUF		G	Strandabøen	Ulstein	1 km	

							kommune		
	Hasund		HDI		G	Hasund - Botnen	Ulstein kommune	1,5 km	
	Dimna		HDI		G	Fylkesvegen- Hellestøda	Privat	1 km	
	Dimna		HDI			Fylkesvegen-Ytre Dimna	Privat	1 km	
	Aursneset		HDI EIK		G	- Selvågane	Ulstein kommune	4,5 km	
	Eika		EIK		G			3 km	
Turstiar		AFS							
	Kvennavegen		UUF			Fylkesvegen- Kraftstasjon Kommunal veg Ulsteindalen		1 km	Sti langs Ulsteinelva + gjennom Ulsteindalen
	Osberget		UUF			Brunene-Osberget		1 km	
	Bugardsmyrane I		UUF			Bugardsmyrane- Nibben		1,5 km	
	Bugardsmyrane II		UUF			Bugardsm.- Skeidshornet		1,5 km	
	Bugardsmyrane III		UUF			Bugardsm.- Lågskjervene		1,5 km	
	Bugarden		UUF			Bugarden-Skjervene		1,5 km	
	Alvehaugen		UUF			Alvehaugen-Nottane		1 km	
	Strandabøen		UUF			Strandabøen- Alvehaugen		1 km	
	Botnen		HDI			Botnen-Botnabakken		1 km	
	Dimna		HDI			Gjerde-Høgåsen		1,5 km	Merka 13 a på turkartet
	Dimna II		HDI			Åsen - Høgtun		3 km	Merka 13 b på turkartet
	Dimna III		HDI			Støylen - Høgtun		2 km	Merka 13 d og 13 c på turkartet
	Dimna IV		HDI			Dimnavika- Ettsvågane		2 km	Umerka tursti
	Dimna V		HDI			Ettsvågane-Indre		1 km	

				Røyra			
Garnes		HAD		Garnes-Garnesvatnet		2 km	Umerka tursti
Haddal		HAD		Myrane-Hundelaupsvatnet		2 km	Umerka tursti opp til kraftlinespennet
Haddal , indre		HAD		Klungsdalen-retn.Blåtind		2 km	Umerka tursti
Havåg		EIK		Havåg-Sætrehaugen		2 km	Umerka tursti
Eiksund		EIK		Eiksund-Gylja-Brunå-Eiksundsætra		2 km	Merka 14 b på turkartet
Eiksund II		EIK		Gjerdet-Eiksundsætra		3 km	Merka 14 c på turkartet
Friluftsliv		EIK		Laupsvatnet	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar
Friluftsliv		EIK		Havågsvatnet m/H.elva	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar
Friluftsliv		EIK		Selvågvatnet	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar
Friluftsliv		EIK		Aursnesvatnet	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar
Friluftsliv		HAD		Haddalelva m/Hundelaupsvatnet, Løsetvatnet og Fjellsvatnet	Privat		Sal av fiskekort. Mørkevatnet er drikkevasskjelde, likeeins Gardnesvatnet.
Friluftsliv		HDI		Kjerringsnesvatnet	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar
Friluftsliv		UUF		Sauneselva	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar
Friluftsliv		UUF		Ulsteinelva m/Litlevatnet og Tjeltjørna	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar Sal av fiskekort.
Friluftsliv		UUF		Storelva, Flø, m/Ørsta-grova, Trollvatnet, Litlevatnet og Brørevatnet	Privat		Fiske tillate etter avtale med grunneigar
Friluftsliv		UUF		“Elvane” m/Ytre-Fløvatnet, Svartevatnet, Rypedalsv. og Skinnalivatnet	Privat		

OMRÅDE FOR FRILUFTSLIV AF									
	Friluftsliv		EIK			Eiksund-Grøthornet-Blåtind	Privat		Merka 14 b på turkartet
	Friluftsliv		EIK HAD			Løsetvatnet-Kvamstua-Kongsvollen-Blåtind	Privat		Merka 15 og 15a på turkartet
	Friluftsliv		EIK HAD			Ringstaddalen-Hunde-laupsvatnet- Blåtind	Privat		Merka 14 a på turkartet
	Friluftsliv		HAD,H DI			Løset-Garnestua	Privat		Merka 16 b og 16 på turkartet
	Friluftsliv		HDI			Hammarstøylen-Hasund-hornet-Flåna-Garnestua	Privat		Merka 16 a og 16 på turkartet
	Friluftsliv		HDI			Garsholhaugen-Botnen-Garnestua	Privat		Merka 16 c og 16 på turkartet
	Friluftsliv		HDI			Strandabø-Hasundhornet	Privat		Umerka tursti
	Friluftsliv		UUF			Gamleidet-Mosvarden- Brørne-Tørlingehaugane	Privat		Merka 20 a og 20 på turkartet
	Friluftsliv		UUF			Bugarden,Skervane-Mosvarden	Privat		Første del av stien umerka
	Friluftsliv		UUF			Bugarden - Skeidshornet - Litlevatnet	Privat		Umerka tursti
	Friluftsliv		UUF			Skeide - Litlevatnet	Privat		Umerka tursti
	Friluftsliv		UUF			Ulsteindalen-Litlevatnet- Breifjelet (Flø)- Sarshornet-Mosverden	Privat		Tursti, delvis merka
	Friluftsliv		UUF			Ulsteindalen- Litlevatnet sør- Skeidsnakken-Mosvarden	Privat		Tursti, delvis merka

KAPITTEL 6

VURDERING AV ANLEGGSBEHOV OG AKTUELLE TILTAK

6.1 Innleiing

Dei fleste idretts- og friluftaktivitetane som det naturleg ligg til rette for i Ulstein kommune, er allereie etablerte. Samstundes kan kommunen totalt sett tilby anlegg som langt på veg dekker behovet for at dei ulike aktivitetane skal kunne haldast i gang.

Tre av idrettslaga i kommunen, Hasundgot I.L., Haddal I.L. og IL Hødd har eigne anlegg/ stadion der det vert drive trening og konkurranser innan fotball. Når det gjeld friidrett har Høddvoll eige friidrettsanlegg, og i tillegg har Dimna IL delanlegg for friidrett.

Ulstein kommune er eigar og har driftansvaret for to idrettshallar, Ulsteinhallen og Idrettshallen (v/ungdomsskulen) og to basseng, symjehallen ved Idrettshallen og Varmtbadet ved Kvileheimen. Ulstein kommune er også hovudaksjonær i Høddvoll stadion AS.

I tillegg vert fleire grendahus i tilknytning til skular nytta i idrett- og mosjonssamanheng. Dette gjeld Hasund skule- og grendahus, Haddal skule- og grendahus, Dimna skule- og grendahus og Flø skule. Den nye idrettshallen ved Ulstein skule vert også nytta både til trening og mosjon.

Det er siste åra etablert tre ballbingar i Ulstein, på Hasund, i Storegjerde (bustadområde i sentrumskrinsen) og ved Ulstein skule. Det er konkrete planar om bygging av fleire ballbingar i kommunen.

Det er eit høgt aktivitetsnivå i mange ulike idrettsdisiplinar i kommunen, noko talet på idrettslag skulle understreke. Dei fleste av anlegga har svært god kapasitetsutnytting. Særleg gjeld dette dei kommunale idrettshallane. Oppvekst- og kulturetaten kan for tida på langt nær imøtekomme dei behova som idrettslaga har for innandørs treningsareal.

Presset på treningsareal kunne likevel kanskje ha vore noko mindre dersom det hadde vore ei betre samordning av dei samla kommunale ressursane på dette området.

Siste par åra har det dessutan vore ein stor auke i søknader om treningstider for fotball i dei kommunale hallane. Treningstid for fotballen kan ikkje prioriterast i konkurranse med innandørsidrettane. IL Hødd har no difor planar om bygging av fotballhall på Høddvoll. Denne hallen er tenkt også nytta av fotballgruppene i Haddal IL og Hasundgot IL.

Vidare gir vi ei vurdering av anleggssituasjonen innen ulike idrettar og aktivitetar, samt ei vurdering av behovet innanfor desse områda. Fleire av anlegga ber preg av behov for rehabilitering, noko som går fram av fleire av punkta nedanfor.

6.2 Behovsvurdering

▣ Leikeplassar/nærmiljøanlegg

Det er utbygd leikeplassar av ulik storleik knytt til bustadfelt/grender rundt om i heile kommunen. Skulane har leikeplassar av ulik storleik og kvalitet.

Dei fleste reguleringsplanane for bustadområde har regulert areal til friområde, leik og turveg.

I 2002 fekk ein to ballbingar i Ulstein, den eine i sentrum (Storegjerde) og den andre ved Hasundgot stadion på Hasund. I 2004 vart det bygt ballbinge ved Ulstein skule. Dette er nærmiljøanlegg for ballspel, med barn og ungdom som hovudbrukarar. Det er stor aktivitet i ballbingane.

I tillegg er det på Saunes opparbeidd bane både for basket og sandvolleyball. I samband med utbygginga av det nye hotell- og kulturhuset har m.a. elva blitt flytta, noko som gjer at det no er behov for å leggje til rette for at dette igjen kan bli eit attraktivt aktivitetsområde for ungdom og andre. Området har dessutan eit potensiale for vidare utvikling, og det bør leggjast til rette for fleire aktivitetar her. Dette må gjerast i eit samarbeid med frivillige og ungdomen. I tillegg bør det vurderast å engasjere ein landskapsarkitekt til utforminga av anlegget.

Det er blitt ei meir medviten haldning til å ta vare på regulerte leikeområde. Dei fleste av areala er små grøntområde som følgjer naturleg terreng, og som stort sett tilfredsstillar avstandskrav mellom bustad og leikeplass for mindre born. For dei minste aldersgruppene kan naturleg terreng vere gode og allsidige leikeareal.

For større born trengst det i tillegg opparbeidde leikeplassar, ikkje minst for å tilfredsstille behovet for ballaktivitetar. Ballbingane er med å dekkje dette behovet, og det vil vere positivt om alle grendene samt sentrumsområdet får sine ballbingar. Ved bygging av nye ballbingar, må førehandsgodkjenninga av planane gjerast i samsvar med ny veileder for bygging av ballbingar.

Trass alt som har vore gjort er det framleis eit behov for gode leikeplassar, særskilt i sentrum. Dette behovet er aukande pga. utbygging av bustader i sentrum. Barnehagane har ellers gode leikeplassar, som til ei viss grad vert nytta til leik også på ettermiddagane. Frå kommunen si side vil alle barnehageeigarane verte sterkt oppmoda om å opne for leik utanom opningstid.

I samband med arbeidet med kommunen sin arealplan, må framtidige leikeareal sikrast. Nærmiljøanlegg/leikeplassar har eit eige handlingsprogram i planen. Der er leikeplassar (opparbeiding og tilrettelegging i bustadnære område i heile kommunen) plassert høgt oppe på prioriteringslista.

Det er imidlertid ikkje nok å setje av areal. Leikeareala må også opparbeidast og gjerast tenlege som gode leikeområde for både mindre og større born. Det i dag svært strenge krav til leikeapparat, som også ofte er kostbare. Vi ser at det ei stor utfordring for velforeiningar og grendalag å finansiere opparbeiding av areal og kjøp leikeapparat. Pr. i dag er det ikkje sett av kommunale midlar til tilskot til dekkjing av

slike investeringar. Det bør difor setjast av midlar på kulturbudsjettet til dette føremålet.

□ **Fotball**

I Ulstein kommune er det idag 4 grasbaner, 1 kunstgrasbane og 2 grusbaneer.

* Hasundgot stadion

Grasbane. Kampar og trening på eige areal i sommarsesongen.

* Haddal stadion

Grasbane. Trening på eige areal i barmarkperiode, elles innandørs.

Det er konkrete planar om bygging av ny 7 –er kunstgrasbane på 60 X 40 m på stadion.

* Høddvoll

1 kunstgrasbane, 2 grasbaner, 1 grusbane. Kunstgrasbana vert også utleigd til andre idrettslag.

* Osnes

treningfelt gras i privat eige med leigeavtale med IL Hødd. Treningsbane for IL Hødd fotball.

Det bør på sikt leggast opp rutiner slik at ein på best mogleg måte oppnår maksimal utnytting av dei anlegga som finst, og samstundes sikrar at grasbanene får den avlastning som er naudsynleg.

Fotball har dei seinare åra fått eit stadig større behov for innandørs treningsareal. Det er ikkje muleg å gi fotballen treningstid i dei kommunale hallane. Det vert difor arbeidd med bygging av ein fotballhall på Høddvoll. Etter planen skal denne stå ferdig i 2007. Ein slik hall vil gi betre kapasitet for innandørsidretten i dei kommunale hallane, og ikkje minst, gi eit endå betre treningstilbod for barn og ungdom som spelar fotball. Det vil også verte gitt treningstid for fotballgruppene i Haddal IL og Hasundgot IL.

□ **Friidrett**

Høddvoll stadion: treningsanlegg/delanlegg for friidrett med løpebane med fast dekkje.

Dimna idrettslag: delanlegg for friidrett m/100 m springfelt (grus), hoppegrop og kulering.

Friidretten i Ulstein kommune har i fleire tiår ligge på eit relativt høgt nivå. Trass gode anleggtilhøve, var aktiviteten innan friidrett svært redusert ein periode, først og fremst grunna mangel på trenarar. I løpet av dei siste par åra har aktiviteten har teke seg opp att. Det er for tida ei god satsing på friidrett både i IL Dimna og i IL Hødd, og laga har også eit godt samarbeid med felles treningar og samlingar.

□ Hallidrettar - idrettshallar/gymnastikksalar

Ulstein kommune eig to hallar, Ulsteinhallen med storleik 40 x 25m, og Idrettshallen ved Ulstein ungdomsskule med 20 x 20m. Hasund Bygdahus er også større enn ein vanleg gymnastikksal, og er i prinsippet disponibel for alle idrettslaga til innandørs treningar. Det same gjeld idrettshallane ved Haddal skule- og grendahus og den nye idrettshallen til ved Ulstein skule.

Dei tradisjonelle hallidrettane som handball, judo, turn/RS, volleyball og aerobic er etablerte i kommunen og driv sine aktivitetar i desse lokala. TaoKwonDo og kickboksing er også blitt viktige idrettar i Ulstein siste åra, med treningstid i idrettshallen ved ungdomskulen.

Hødd Turn har dei siste åra nytta tidlegare fabrikklokaler på Skeide til treningshall for turn. Ein stor del av treningane er flytta til denne hallen, noko som i stor grad har vore med å avlaste dei kommunale idrettshallane. Turn har stor og god aktivitet. Hødd turn har ellers signalisert at det kan verte aktuelt å søkje om meir treningstid i kommunale hallar, noko som vil kreve at vi må utnytte den totale hallkapasiteten betre enn i dag.

Gymnastikksalane ved skulane på Flø og Dimna er også brukt til innandørs idrettsaktivitetar.

Oppvekst- og kulturutvalet tildeler treningstid i Ulsteinhallen og Idrettshallen samt symjehallen, etter uttale frå Ulstein Idrettsråd.

Ved dei kommunale idrettshallane (Ulsteinhallen og Idrettshallen ved Undomsskulen) er kapasiteten sprengd. Ulsteinhallen har behov for rehabilitering, først og fremst i form av nytt golv, men det er også trong for å betre forholda for publikum. Særskilt det siste er det ikkje mogleg å få til på ein tilfredstillande måte. Kostnadane vil også vere høge. Desse utfordringane kan difor best ivaretakast ved å bygge ein ny idrettshall. Det vert arbeidd med planar for ny idrettshall og badeanlegg i sentrum.

□ Symjing

Symjebassenget i Idrettshallen 12,5 x 8 meter, og utgjer saman med varmtbadet på Kvileheimen kommunen sitt tilbod innan innandørs bading/symjeidretten. Symjehallen er open i tida frå etter haustferien og fram til påske.

Varmtbadet på Ulshaug vert nytta til bading, særskilt av familier og grupper med særskilte behov.

Symjing har ikkje gode kår i Ulstein kommune når det gjeld anlegg. Det vert no arbeidd for å få til eit idrettanlegg med badeanlegg, for å stette behovet for ein større og meir moderne symjehall.

□ Treningscenter

Det er i dag eit privat treningscenter lokalisert ved Ulstein hotel. Aktivsenteret har to squash-baner med internasjonale mål, ein sal for dans/ballett og aerobics,

styrketreningsrom og helsestudio. Det finst også styrketreningrom i andre hallar/bygningar til eige bruk. Det har kome signal frå ulike hald om at det hadde vore ønskjeleg med eit slikt tilbod i sentrum. Ei aktuell løysing kan vere å lokalisere treningssenter til eit nytt idretts- og badeanlegg.

□ Skiaktivitetar

Det meste av skigåinga vert lagt til fjellområda, der Ulstein Røde Kors Hjelpekorps i samarbeid med trimgruppa i Hødd IL har i oppgåve å køyre opp delar av løypenettet.

Vegen over Gamleeidet vert lyssett hausten 2006. Dette vert då ein heilårs turveg, med dobbel skiløype om vinteren. Sunnmøre folkehøgskule har sagt seg villige til køyre opp løyper.

Det er mulegheiter for å utvide turvegen/løypa t.d. i strekninga Onglasætra-Gamleeidet via den gamle rørgatetraseen til vassverket.

□ Turkart

Det er laga eit samla turkart for heile øyregionen på Søre Sunnmøre i samarbeid med Sande, Herøy og Hareid kommunar.

I samband med prosjektet "Kart på nett" vert det no lagt ut oppdaterte digitale turkart for heile regionen på heimesida for Ulstein kommune.

□ Orienteringskart

Haddal I.L har utarbeidd O-kart over Løsetvatnet 1: 15000 og Aursnes 1:5000.

I samband med uteaktivitetar ved skulane er det behov for å få laga enkle nær-o-kart. Desse bør dekke eit etter måten konsentrert område.

□ Friluftsområde

Ulstein kommune har rikelig med område til å drive friluftsliv både på land og sjø. Turrås-nettet er godt utbygd, men nokre av dei mest populære råsene har etter kvart sterk slitasje på utsette strekningar. Turråsene er merka både på turkartet og ute i terrenget. Det er imidlertid lite tilrettelagt for tilkomst og parkering.

Det er også behov for tilrettelegging av turstiar i bustadnære område, samt stiar og turvegar tilrettelagt for eldre, småbarnsfamilier og grupper med spesielle behov.

Friluftsanlegg i Bugardsmyrane

Det er utarbeidd planar for friluftsanlegg i Bugardsmyrane, som går ut på å utvide tjernet slik at det kan nyttast til bading og rekreasjon i sommarhalvåret og isleggast om vinteren. Det er også planar om tursti med lys rundt vatnet. Dersom planane

vert realiserte vil dette anlegget dekkje eit behov for eit heilårs aktivitets- og rekreasjonsområde for alle grupper, med barn og ungdom som hovudmålgruppe.

□ Gang- og turstiar

Det er ei rekkje turråser i fjellområda i kommunen. I tilknytning til bustadområde, og særskilt i Ulsteinvik sentrum, er det derimot få tilrettelagde gang/turstiar. Eit positivt tiltak i så måte, er den nye gang- og sykkelvegen frå Skeide til Ulstein. Denne vegen vil verte forlenga med ein tursti frå Ulstein til Flø. Arbeidet på turstien tek til i løpet av våren 2007.

Slike område vil kunne dekkje eit behov for grupper som ikkje kan nytte fjellområda, t.d. eldre og funksjonshemma.

I tilknytning til planar om utbygging av friluftsanlegg i Bugardsmyrane, er det nyleg vedteke reguleringsplan for området, som også omfatter tursti.

Det kome framlegg om fleire nye turstiar i friluftsområde med enkel tilkomst frå bustadområda. Området Bugardsmyra- Osberget er eit flott turområde som er svært mykje nytta av alle aldersgrupper. Stien er til dels gjengrodd og bør utbetrast/drenerast. Målsetjinga bør vere å gjere Osberget tilgjengeleg for alle brukarrupper, også for funksjonshemma. Både utsikta frå Osberget og mulegheitene for leik i "Trollskogen" er unike.

□ Badeplassar

Dei tilgjengelege badeplassane dekkjer behovet i kommunen, men ikkje tilrettelagt korkje for tilkomst eller avtalar for bruk. Det er spesielt behov for tiltak for Osnessanden, både innløyising av grunn og tilrettelegging for tilkomst, parkering og bygging av sanitæranlegg.

I tillegg er det behov for grunneigaravtalar og tilrettelegging for tilkomst på dei andre badeplassane, særleg for Osnessanden/Vollesanden, Ivasanden og Roppesanden.

Eiksund får i løpet av 2007 ein ny badeplass med sandstrand i samband med utbygginga av Eiksundsambandet.

□ Klatreanlegg

Dei siste åra har vi fått eit aktivt klatremiljø i Ulstein. Ulstein klivrelag har bygd sin eigen innandørs klatrevegg på Osnes. Det er elles gode utandørs klatreområde i nærområdet.

Det er behov for betra tilkomst, merking og sikring av fleire utandørs klatrefelt.

□ **Golfbane**

Ny 18 hols golfbane er under etablering på Hareid. Ulstein kommune har ytt eit tilskot på kr. 300.000 til golfbana, i tillegg har kommunen kjøpt spelerettar for kr. 50.000 pr. år.

□ **Gocart bane**

Det vert i løpet av eit par år etablert gocart bane på Leikongeidet. Anlegget har fått tilsagn om tilskot frå Ulstein kommune, og vil verte eit regionalt tilbod for motorinteresserte, med ungdomen som viktigaste målgruppe.

6.3 Tilkomst til anlegg og område

Det står framleis att ein del arbeid når det gjeld å sikre tilkomst til anlegg og område i kommunen. For å tilrettelegge for funksjonshemma, kan det vere ei oppgåve å inngå eit samarbeid med grunneigarar for å sikre tilkomst via bomveg og opparbeiding av parkeringsplass til t.d. fiskevatn. For øvrig må det på kort sikt gjerast tiltak som betrar parkeringstilhøve ved dei mest populære utfartsområda i kommunen.

Det er også behov for utbetring av tilkomst til øyane, særskilt gjeld dette kaianlegga på Borgerøya, Hatløya og Vattøya.

KAPITTEL 7. DRIFT OG VEDLIKEHALD

Ulstein kommune sitt engasjement i drift og vedlikehald av anlegg er, og har vore, svært avgrensa. Som ein generell regel kan ein seie at kommunen ikkje har gått inn på varige løysingar på dette området.

Ved søknader om spelemidlar gjerne situasjonen vore at kommunen har avgrensa innsatsen til å gjelde ein del som har vore naudsynleg for å løyse ut midlar etter tilskotsordninga.

Intensjonen i Idrettsmeldinga, stortingsmelding 41(1991-92), er at det offentlege skal ta eit meir direkte ansvar for drift og vedlikehald av idrettsanlegg. Det heiter m.a. at "erfaringer viser at det er meget vanskelig for andre eiere å drive anlegg av denne typen uten betydelige økonomiske problemer. Disse anleggstypene bør således, som hovedregel, eies av det offentlige".

Med den økonomiske situasjon som Ulstein kommune er i, er det vanskeleg å yte den stønaden til drift og vedlikehald av anlegg og område som det er behov for. Det er likevel ønskeleg at Ulstein kommune tek eit meir direkte ansvar for dei anlegga som får tilskot frå spelemidlane, både i form av direkte tilskot, og kanskje også gjennom konsulentverksemd og arbeidskraft. Kommunen skal nemleg sjå til at tilskotet vert nytta i samsvar med gjeldande føresetnader, og at anlegga vert haldne ved like på forsvarleg vis. Difor kan ein årleg budsjettpost til dette føremålet vere eit bidrag til å oppfylle dei plikter som Ulstein kommune har for dei anlegga som har fått og i framtida vil få tilskot frå staten gjennom spelemidlane.

Dersom Ulstein kommune går inn med årleg stønad til drift og vedlikehald, må det utarbeidast retningsliner som viser omfang og vilkår for stønad.

Det må stillast krav til eigaren av anlegget om at drifts- og vedlikehaldsutgifter vert dokumentert.

Ulstein kommune må også ha eit medansvar for å sikre at driftsopplegga ved dei einskilde anlegga er lagt opp på ein realistisk og gjennomførbar måte. Dette kan stettast gjennom å gje råd og rettleiing innan alle område av drifta; idrettslege, miljømessige, økonomiske, tekniske og administrative tilhøve og oppgåve.

Når det gjeld kommunen sine egne anlegg, er det det kommunale eigedomsføretaket som no har ansvaret for drifta av alle kommunale eigedomar, inklusiv dei kommunale idrettsanlegga.

Sjølv med kommunale tilskot vil klubbane likevel vere avhengig av dugnadsinnsats for å kunne dekke utgifter til drift og vedlikehald. Det bør vere ønskeleg å oppretthalde denne tradisjonen innan lagsarbeidet, men på ein slik måte at den frivillege innsatsen blir stimulert.

KAPITTEL 8 PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM

For å tilfredstille krava etter spelemiddelordninga skal ein i kommunedelplanen for anlegg og område for idrett og friluftsliv vise til handlingsprogram med prioritet, anleggstart og finansiering. Finansieringa skal visast med kommunale og private midlar samt tilskot frå spelemidlane (KM, PM og SM).

Idrettsavdelinga ved Fylkeskommunen har ytra ønskje om å dele handlingsprogrammet inn i tre: Eitt handlingsprogram for nærmiljøanlegg/leikeplassar, eitt for utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv, og eitt for rehabilitering av alle typer anlegg.

Handlingsprogrammet skal justerast årleg ut frå framdrifta på dei einskilde anlegga, og eventuelt nye føresetnader. Det justerte handlingsprogrammet skal følgje søknadar om spelemidlar.

Grunna kapasitetsproblem har ikkje plangruppa kunne framskaffe naudsynleg informasjon om alle dei påtenkte kommunale anlegga, og kan såleis heller ikkje legge fram finansieringsplan. Dette arbeidet må ein kome attande til ved første rullering av planen.

Når det gjeld ikkje-kommunale anlegg må det vere den interessegruppa som står bak ønsket om bygging av anlegget, det vere seg idrettslag, grendalag eller andre, som framskaffar planar og kostnadsoverslag, eventuelt med hjelp frå det offentlege.

8.2 HANDLINGSPROGRAM – NÆRMILJØANLEGG/LEIKEPLASSAR 2007-2010

Framlegg – rullering 2007

Anlegg/område		Ansvarleg	Investerings- kostnad i 1000 kr	Anleggsstart/finansiering															
Pr. tiltak	Kvar			2007			2008			2009			2010						
				K	SM	PR	K	SM	PR	K	sM	PR	K	SM	PR				
1. Ballbinge	Ulsteinvik barneskule	Ulsteinvik barneskule,UK	500																
2. Nærmiljøanlegg (ballbingar, 5`arbane fotball)	Høddvoll, Eiksund, Haddal, Dimna*		500-600																
3. Nærmiljøanlegg	Ulstein ungdomsskule	Ulstein ungdomsskule																	
4. Aktivitetsanlegg	Saunes	Ulstein kommune, vel-laga	Ikkje kostn.rekna																
5. Tursti	Ulsteinelva-Ytre Flø (2. og 3. byggesteg)	Ulstein skule/Samarb.utv.																	
6. Leikepark	Sentrum v/Bjørndals Minne	Ulstein kommune, vel-laga	Ikkje kostn.rekn																
7.Friluftsanlegg/nærmiljøanlegg	Hovsethaugen	Ulstein kommune	Ikkje kostn.rekn																
8. Friluftsanlegg (byggetrinn)	Bugardsmyrane	Ulstein kommune, Vel-laga	715	178	357	178													
1. Dam																			
2. Tursti kring dam m/lys																			
3. Akebakke																			
4. Turstiar	”Hunden”/Varden Bugardsmyrane, Osberget m.m.		80	40	40														
9. Ballbinge	Dimna	Dimna I.L.	500																
10. Frisbeebane	Varleite/SUFH	Sufh	100																
11. Beach Volleyballbane	Varleite/SUFH	Sufh	60																

* Prioritert etter ”først til mølla” prinsippet (dvs. avhengig av søknad om spelemidlar)

8.3 HANDLINGSPROGRAM - ORDINÆRE ANLEGG 2007-2010

Framlegg – rullering 2007

Anlegg	Kvar	Ansvarleg	Kostnad i 1000 kr	Anleggsstart/finansiering											
				2007			2008			2009			2010		
				K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR
PRIORITERT															
1. Idrettshall og badeanlegg	Sentrum ("Samfunnhus tomte")	Ulstein kommune													
2. Fotballanlegg (bane og lys)	Høddvoll	IL Hødd m/fl.	6000	560*	4400										
3. Kunstgrasbane	Haddal stadion	Haddal IL	2000				660								
4. Friplassen ("allaktivitetsbinge")	Dimna	Dimna IL	2000				700								
5. Kunstgrasbane	Hasundgot	IL Hasundgot													
6. Tusti Bugardsmyrane-Skogsvegen Skeide		Ulstein kommune	ikkje kostn.rekna												
7. Tursti Bugardsmyra-Osberget		Ulstein kommune	ikkje kostn.rekna												
8. Tursti Onglasætra-Gamleeidet		Ulstein kommune	ikkje kostn.rekna												
9. Friluftsomr./bade plass rullestolrampe, sanitæranl.	Osnessanden	Ulstein kommune	400												

* Anlegget kan kun få spelemidlar til kunstgrasbane og lys (ikkje til sjølve hallen)

8.4 HANDLINGSPROGRAM – REHABILITERING 2007-2010

Anlegg/tiltak	Kvar/område	Ansvarleg	Kostnad i 1000 kr	2007			2008			2009			2010		
				K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR
			PRIORITET												
Kaianlegg	Borgerøya														
Friluftsområde, oppgradering til bruk av fleire målgrupper	Heile kommunen	Ulstein kommune													
Leikeplassar	Heile kommunen	Ulstein kommune													

8.5 LANGSIKTIGE OPPGÅVER (12 ÅR) FOR UTBYGGING OG TILRETTELEGGING

OMRÅDETYPE ANLEGGSTYPE/STAD	OMRÅDE-/ANLEGG KATEGORI	DIMENSJONERING	EIGAR/UTBYGGAR	PÅREKNA UTBYG- GINGSKOSTAD
1.FRILUFTSANLEGG				
Bugardsmyra – Osberget – Nibben	Nærmiljøanlegg	Jogge-/skiløype/turløype	Privat	Ikkje kostnadsrekna
2 BADE-/BÅTPLASS				
Øyområda/skjærgard	Ordinære anlegg	Tilrettelegging for båtliv/ kaianlegg m.m. (Borgerøya, Vattøya, Hatløya)	Ulstein kommune	Ikkje kostnadsrekna
3.UTBYGGING/TILRETTELEGGING FOR FUNKSJONSH.				
Tilrettelegging for funksjonshemma	Kommunale anlegg KA	Tilrettelegg. for rullestol, bruk av funksjonshemma	Ulstein kommune	Ikkje kostnadsrekna
4. FRILUFTSOMRÅDE				
Turråser/friluftsområde heile kommunen	Utfartsområde	Slitasjesikring/vedlike- hald	Ulstein kommune/privat	Ikkje kostnadsrekna
Kulturlandskapet Osnes-Flø	Kulturlandskap	Kulturlandskap	Ulstein komm./privat	Ikkje kostnadsrekna
Utandørs klatrefelt på Dimna og Roppehornet/Trollhetta	Nærmiljøanlegg	Bolting av ruter og topptaufeste, skilting og sikre tilkomst	Privat	

